

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 15.03.2012  
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**  
Saka gjeld: **Sal av eigedomane Finnebrekka 28, Finnebrekka 29 og Finnebrekka 31 i Os kommune**

---

**Styresak 039/12 B**

**Styremøte 23.03. 2012**

---

## Forslag til vedtak

1. Styret sluttar seg til sal av eigedomane Finnebrekka 28, Finnebrekka 29 og Finnebrekka 31 i Os kommune i tråd med vedtak gjort av styret i Helse Bergen HF i styremøte 24. januar 2012.
2. Styret føreset at eigedomane blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning av sal av bustadane.

## Oppsummering

Helse Bergen HF ønskjer å selje eigedomane Finnebrekka 28, Finnebrekka 29 og Finnebrekka 31 i Os kommune. Eigedomane er tidlegare nytta for langtid døgntil behandling av born og unge innan psykiatrien. I juni 2008 blei drifta ved eigedomane avvikla og deler av tenesta blei flytta over til Haukeland universitetssjukehus. Tilbodet om langtid døgntil behandling blei dermed oppretthalde og drifta blei betre knytt opp mot eksisterande barnepost på Haukeland.

Eigedomane stod frå hausten 2008 til slutten av 2009 tomme da Helse Bergen ikkje kunne nytte lokala til eiga drift. Dei er i dag utleigd, og det ligg ikkje føre langtidsplanar for Helse Bergen som tilseier at eigedomane vil bli nytta seinare år. Administrerande direktør tilrår at det blir gitt tilslutning til sal av eigedomane.

## Fakta

Styret i Helse Bergen HF gjorde i styremøte 24. januar 2012 følgjande vedtak i sak 11/12 A – Sal av eigedomen Osheim i Os kommune:

1. *Styret stiller seg positiv til at eigedomen «Osheim» (Finnebrekka 28, 29 og 31) vert lagt ut for sal, med atterhald om at eigar (Helse Vest RHF) godkjenner salet.*
2. *Saka vert sendt over til Helse Vest RHF for vidare handsaming/godkjenning.*

Saksførelegget til nemnde styresak, sak 11/12 A (Helse Bergen HF) følgjer vedlagt.

## Kommentarar

Eigedomen «Osheim» i Finnebrekka i Os kommune var tidlegare i bruk til behandling av born og unge innan psykiatrien. Verksemda er no flytta til Haukelandsområdet. Det er ikkje behov for eigedomen til andre deler av Helse Bergen si verksemd og lokala er i dag utleigd til andre. Os kommune er førespurd om dei er interessert i å overta eigedomen, men dei har takka nei.

Eigedomen «Osheim» utgjer tre salsobjekt; Finnebrekka 28, Finnebrekka 29 og Finnebrekka 31. Tomtene er på til saman 6.4 dekar og gir i dag plass for bygningar på til saman 1.140 kvm brutto. Sjå tomtkart som følgjer som vedlegg 1 og 2 til den vedlagte styresaka frå behandlinga i styret i Helse Bergen HF. I dene saka er det også gitt ei nærare omtale av dei einiskilde eigedomane.

Det er utarbeidd verdivurdering/takst for kvar av eigedomane som følgjer saka som vedlegg.

Finnebrekka 29 har ein samla bokført verdi på kr. 2.434.152,- per 31.12.2011 og årlege avskrivningar på kr. 255.627,-. Salsverdi er sett til kr. 3.950.000,-.

Finnebrekka 28 har ein samla bokført verdi på kr. 2.725.628,- per 31.12.2011 og årlege avskrivningar på kr. 145.798,-. Salsverdi er sett til kr. 2.600.000,-.

Finnebrekka 31 har ein samla bokført verdi på kr. 1.645.966,- per 31.12.2011 og årlege avskrivningar på kr. 142.597,-. Salsverdi er sett til kr. 4.350.000,-.

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einiskilde helseføretak, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 mill kroner er det ikkje naudsynt å leggje saka fram for departementet.

## Konklusjon

Med bakgrunn i den utgreiing som er gitt i styresak 11/12 A (Helse Bergen HF), står sal av dei tre eigedomane fram som ei fornuftig løysing. Administrerande direktør tilrår derfor at styret i Helse Vest RHF sluttar seg til sal av bustadane. Ein legg til grunn at eigedomane vil bli lagt ut for sal på den opne

marknaden. Med bakgrunn i at verdien for kvar av egedomane er under 10 mill., vil saka bli avgjort av Helse Vest, med sluttbehandling av føretaksmøte for Helse Bergen HF.

Vedlegg:  
Styresak 11/12 A frå styret i Helse Bergen HF